

PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Måndag 21. juni 2004 kl. 16.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF, i Helsedepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet vert konstituert
2. Dagsorden
3. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43 og vedtektene § 7
4. Årleg melding jf. helseføretakslova § 34 og vedtektene §§ 7 og 15
5. Styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer, jf. helseføretaksloven § 21
6. Godkjenning av revisor si godtgjering jf. helseføretaksloven § 44.
7. Endring av vedtektene § 12 *Låneopptak*
8. Nærskulehus i Florø

Frå Helsedepartementet møte:

Helse- og omsorgsminister
Ansgar Gabrielsen

Frå styret møte:

Styreleiar Mai Vik

Ikkje tilstades:

Anni Felde
Jon Lekven
Ingunn Finne
Aslaug Husa
Arne Norheim
Gerd Kjellaug Berge
Per Hanasand
Øyvind Watne

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Viseadministrerande direktør Helge Bryne
Økonomidirektør Per Karlsen

Også tilstades:

Statssekretær Jan Otto Risebrobakken
Politisk rådgiver Kristin Holm
Departementsråd Anne Kari Lande Hasle
Ekspedisjonssjef Vidar Oma Steine
Direktør Bjørn Magne Eggen
Fung. direktør Frode Myrvold
Informasjonssjef Ingrid Vigerust

Seniorrådgjevar Maiken Engelstad
Førstekonsulent Hilde S. Helle

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med helseføretakslova og møtte representert ved Annette Gohn og Marianne Støkken.

Vald revisor for Helse Vest RHF Ernst & Young var varsla i samsvar med helseføretakslova og møtte, representert ved Kjell Ove Rosok.

Sak 1: Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Ansgar Gabrielsen ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen og spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Mai Vik og fung. direktør Frode Myrvold vart valde til å underskrive protokollen.

Helseministeren overlet møteledinga til Mai Vik.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, jf. helseføretakslova § 43 og vedtektene § 7

I samsvar med vedtektene § 7 vart årsrekneskapen og årsmeldinga for 2003 frå styret lagt fram av Helse Vest RHF til godkjenning i føretaksmøtet.

Statsautorisert revisor Kjell Ove Rosok, Ernst & Young, gjorde greie for revisjonsmelding for 2003.

Den framlagde rekneskapen viser underskot. Det skal haldast fram to tilhøve i forståinga av dette underskotet desse er og omtala i St.prp. nr. 63 (2003-2004):

- Nivå på verdsetting
- Levetider for anleggsmidla.

I proposisjonen er det sagt at eit eventuelt underskot som følgje av desse tilhøva ikkje vil påverke dei fastsette styringsmåla knytt til ressursbruk og tenesteproduksjon.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Styret sin framlagte årsrekneskap og årsmelding for 2003 er godkjend.

Sak 4: Årleg melding jf. helseføretakslova § 34 og vedtektene §§ 7 og 15

Helseføretakslova § 34 pålegg dei regionale helseføretaka å utarbeide ei årleg melding om verksemda. Meldinga skal også omfatte dei helseføretaka som det regionale helseføretaket eig.

I vedtektene § 7 går det fram at føretaksmøtet skal behandle årleg melding på føretaksmøtet, som skal haldast innan utgangen av juni kvart år. I vedtektene § 15 er det slått fast at det skal gå fram av den årlege meldinga etter § 34 i helseføretakslova om dei vilkåra som er knytte til tilskotet er oppfylt. Vilkår knytt til tilskotet går fram av styringsdokumentet til det regionale helseføretaket for 2003.

Departementet har den 29. februar 2004 mottatt årleg melding frå Helse Vest for 2003, og i eigen ekspedisjon av 25. april supplerande opplysningar knytt til denne meldinga.

Helsedepartementet finn at Helse Vest har rapportert på dei styringskrava som styringsdokumentet set. Departementet finn derfor at det formelt er rapportert i høve til dei krava som er sett for rapportering. Departementet merkar seg at melding frå pasientomboda er vedlagt. Det må formelt gå fram av oversendinga til departementet at det regionale brukarutvalet og brukarråda formelt har fått seg førelagt årleg melding før styret i det regionale helseføretaket sluttbehandla denne. Føretaksmøtet ber om at dette blir ivaretatt frå og med neste år.

Føretaksmøtet merkar seg at Helse Vest har hatt høy aktivitet i 2003, og understrekar at dette kan medføra økte økonomiske utfordringar. Føretaksmøtet merkar seg særskilt at styringskrava stilte til ventetider, beredskap og opplæring av pasientar og pårørande er godt innfridd. Samtidig har ikkje Helse Vest oppnådd tilfredsstillande resultat i høve til korridorpasientar ved Helse Stavanger og at det ikkje er rapportert på korridorpasientar for Helse Bergen. Helse Bergen skal rapportere på korridorpasientar i somatiske sjukehus på lik linje med andre helseføretak. Tempoet er ikkje tilfredsstillande for utsending av epikrise etter pasientutskrivning i alle helseføretak. Føretaksmøtet understrekar at Helse Vest skal drive helseføretaka sine slik at ein får til måloppnåing innafor det samla systemet av styringskrav, slik dette går fram av

styringsdokumentet, slik at ein for sektoren oppnår ei heilskapleg utvikling i ønskt retning.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Årleg melding med supplerande opplysningar frå Helse Vest vert godkjent. Årleg melding vil inngå som eit premiss i den vidare styringa av Helse Vest, slik denne styringa vil kome til uttrykk i Stortinget sine vedtak og i styringsdokumenta.

Sak 5: Styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer

Helseministeren gjorde greie for innhaldet i saka.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Årleg styregodtgjering for 2004 blir etter endring:

Styroleiar: kr. 176.000,-

Nestleiar: kr. 121.000,-

Styremedlemmer: kr. 83.000,-

Varamedlemmer får ei godtgjering pålydande kr. 3.300,- per møte.

Sak 6: Godkjenning av godtgjering til revisor jf. helseføretakslova § 44

Møteleiar gjorde greie for styret sitt forslag.

Føretaksmøtet føreset at styret har merksemd retta mot at oppgåver og godtgjersle til vald revisor er i samsvar med det regelverket og dei rammeføresetnader som gjeld.

Føretaksmøtet fatta følgjande vedtak:

Godtgjering til ekstern revisor for ordinær revisjon for 2003 på kroner 1.173.040,- inkl. mva. vert godkjent.

Sak 7: Endring av vedtektene § 12 Låneopptak

Føretaksmøtet vedtok følgjande endringar:

Føretaksmøtet godtar den føreslåtte endringa i vedtektene § 12 *Låneopptak*.

Vedtektene § 12 Låneopptak blir etter dette:

"Helse Vest RHF blir gitt ei låneramme på totalt 2 400 mill. kroner. Låneramma blir fordelt med 1 200 mill. kroner til investeringsformål og 1 200 mill. kroner i driftskredittramme. Helse Vest RHF kan likevel ikkje ta opp lån eller driftskreditt som samla sett overstig årlege rammer for lån til investeringsformål eller driftskreditt fastsett av Helsedepartementet.

Dersom Helse Vest RHF gir helseføretak som det eig, høve til å ta opp lån, skal det fastsettast ei låneramme for det enkelte helseføretaket. Dei samla lånerammene for alle helseføretaka som Helse Vest RHF eig, må ikkje overstige den låneramma som er fastsett i første ledd.

Dersom Helse Vest RHF tar opp lån for vidare utlån til verksemder som det eig eller har driftsavtale med, må det samla utlånet ikkje overstige den låneramma som er fastsett i første ledd."

Sak 8: Nærsjukehus i Florø

Styreleiar og administrerande direktør gjorde greie for saka.

Bremanger og Flora kommunar har den 19. juni 2004 meldt til Helse Vest:

"Vi er no klare til å signere avtala og kjem her med fylgjande formulering for samarbeids-/driftsavtale som kommunane Flora og Bremanger er samde om:

Kommunane Flora og Bremanger deltek i det vidare arbeidet med å utvikle og etablere eit offentleg nærsjukehus i Florø, og går inn med eit rammetilskot på inntil 4,5 mill. kroner.

Fordelinga av beløpet skjer etter nærmare avtale mellom kommunane ut frå den faktiske bruken av Nærsjukehus tilbodet.


Med dette er grunnlaget tilstades for å opprette eit Nærsjukehus i Florø slik helseministeren har bestemt.

Med helsing Bente Frøyen Steindal ordførar Flora kommune"

Føretaksmøtet tok til orientering at grunnlaget for etablering av eit offentleg nærsjukehus i Florø nå foreligg, jf vedtak i føretaksmøtet i Helse Vest 18. juni 2003 og brev til Helse Vest av 14. januar 2004.

Møtet ble heva kl. 16.25.

Oslo, 21. juni 2004


Frode Myrvold


Mai Vik